



Øyvind Hosøy
Markaneset 66
5251 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2272 - 19/21319

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.07.2019

Endring av ansvar i godkjend tiltak - gbnr 11/84 Hølleland

Administrativt vedtak: Saknr: 400/19

Tiltakshavar: Øyvind Hosøy
Ansvarleg søker:

Lindås kommune stadfester med dette at vi har mottatt melding om endring av ansvarsrettar knytt til godkjend rammeløyve for oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gbnr 11/84, den 21.06.2019.

Det er opplyst at føretaket Utmark Arkitektur AS, org.nr. 922654964, overtek ansvaret for arkitekturprosjektering, og at tiltakshavar Øyvind Hosøy overtek ansvaret som søker. Gamle3hus AS, org.nr. 994377205, sin ansvarsrett som søker og prosjekterande går ut.

Tiltakshavar søker personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for ansvaret som ansvarleg søker og utførande for grunn-, betong- og tømrararbeid, jf. søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar mottatt 14.06.2019 og 21.06.2019. Det går fram av oversendingsskriv mottatt 14.06.2019 at tiltakshavar også søker om ansvarsrett for bygging av minireinseanlegg for det aktuelle tiltaket. Det er gitt utsleppsløyve for eigedomen i vedtak datert 28.06.2019 i sak 19/1237.

Endringar i ansvarsrettar går fram av oppdatert gjennomføringsplan datert 19.06.2019.

VURDERING

Meldinga om endring av ansvarsrett er tatt til orientering og arkivert på saka.

Søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar

Tiltakshavar Øyvind Hosøy har søkt ansvarsrett som sjølvbyggjar etter SAK § 6-8 for tilbygg til eigen fritidsbustad slik det går fram av søknad mottatt 14.06.2019 og 21.06.2019.



Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova for ansvaret som søkjar og utførande av grunn-, betong- og tømrrarbeid.

Med bakgrunn i arbeidet sin kompleksitet og konsekvensar ved feil vurderer kommunen at tiltakshavar sin søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for etablering av avløpsanlegg/rørleggararbeid ikkje kan godkjennast.

VEDTAK

Med heimel i pbl § 23-8, jf. SAK §6-8, godkjenner kommunen søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for Øyvind Hosøy som ansvarleg søkjar og utførande for grunn- og betong- og tømrrarbeid. Det vert ikkje gitt ansvarsrett som sjølvbyggjar for etablering av avløpsanlegget.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Gamle 3 Hus AS	Bellgården 1	5003	BERGEN
Utmark Arkitektur AS	Bellgården 1	5003	BERGEN
Utmark Arkitektur AS	Bellgården 1	5003	BERGEN
Øyvind Hosøy	Markaneset 66	5251	SØREIDGREND

Mottakarar:

Gamle 3 Hus AS
Øyvind Hosøy

Bellgården 1 5003
Markaneset 66 5251

BERGEN
SØREIDGREND